HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester

Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesutvalet	Gjeld frå: 01.08.2014	Tal sider: 1
Utarbeidd av: Personalseksjonen	Godkjend dato: 19.06.2014	Revidert dato:	Arkivsak: 2014/12509-2

1. Formål

Formålet med dette reglementet er å gi reglar i samband med at arbeidstakar må ha elektroniske kommunikasjonstenester (EK-tenester) som hjelpemiddel av omsyn til tenesta/funksjonen.

2. Avgjerdsmynde

Den som har tilsetjingsfullmakt har fullmakt til å avgjere kven som har behov for å disponere ei eller fleier EK-tenester, og kva rammer i ordninga som skal nyttast.

3. Økonomiske rammer

Arbeidsgivarfinansiert telefon skal til ei kvar tid følgje innkjøpsavtalen til Hordaland fylkeskommune. Hovudregelen er at dersom arbeidstakar har bruk for mobiltelefon av omsyn til tenesta/funksjonen skal arbeidsgivar syte for at arbeidstakar har nødvendig verktøy.

Arbeidstakarar som har arbeidsgivarfinansiert mobiltelefon får dekt dette etter følgjande sats:

Mobiltelefon: **Inntil kr 500,- pr månad**

Dersom arbeidstakar i samband med tenesta/funksjonen, har bruk for fasttelefon, breiband eller breiband med ip-telefoni i heimen, kan arbeidstakar få godtgjersle for dette etter følgjande satsar:

Fasttelefon: **Inntil kr 200,- pr månad**
Breiband: **Inntil kr 500,- pr månad**
Breiband med IP- telefoni: **Inntil kr 600,- pr månad**

Som hovudregel skal det ikkje bli gitt godtgjersle for privat fasttelefon, eller breiband med IP-telefoni, dersom det er gitt godtgjersle for mobiltelefon.

I særskilte tilfelle kan arbeidsgivar, av omsyn til tenesta, gi stønad til bruk av privat mobiltelefon. Stønaden kan bli gitt som eit tillegg i løn på inntil **kr 250,- pr månad**. Dette er i staden for ein arbeidsgivarfinansiert mobiltelefon.

4. Om bruk av arbeidsgivarfinansiert telefon

Forbruk utover avtalt beløp med arbeidsgivar skal dekkjast av arbeidstakar.

Telefonen skal som hovudregel ikkje nyttast til innhaldstenester (som t.d. piggdekkoblat, bussbillettar, parkering, overprisa sms/mms, kostnadsbelagt programvare eller andre betalingstenester).

Arbeidstakar har plikt til å gå gjennom forbruket sitt kvar månad og rapportere trekk i løn på bruk ut over gjeldande sats og/eller bruk av innhaldstenester. Trekket skal rapporterast i Personalportalen på skjema «Variable tillegg og trekk» med kode «Eigenbetaling telefon».

Arbeidstakar har sjølv ansvar for at abonnementet til ei kvar tid vert brukt i samsvar med arbeidsgivar sine gjeldande retningsliner på området.

5. Opphøyr

Når arbeidstakar som er tilstått ei eller fleire EK-tenester sluttar, eller ikkje lenger fyller formålet for tildeling, jf. pkt. 1, skal godtgjersla opphøyre. Ved samanhengande fråvær utover 3 månader skal ordninga med arbeidsgivarfinansiert EK-teneste opphøyre og utlevert utstyr skal leverast tilbake til arbeidsgivar.